

Godkjent i representantskapets møte 8. desember 2016 /



## Protokoll for representantskapsmøte 25. oktober 2016

Til stades:

Representantskapet: Reidar Sandal (leiar), Tormod Andreassen, Vidar Bjørnstad, Ingrid Fiskaa, Toril Hovdenak, Kjetil Lund (frå kl. 9.55), Peter Meidell, Iver Nordseth, Frank Sve (frå kl. 11.10), Ingebrigt Sørfonn og Paul Birger Torgnes

Forfall: Helle Hammer, Morten Lund, Synnøve Søndergaard og Randi Øverland

Varamedlem: Jonas Varhaug (frå kl. 9.35)

Forfall: Lars Tvette

Deltaking elles: Ann-Kristin Hedman Nyrønning frå rekrutteringsselskapet Backer Skeie AS og Jan Frode Jakobsen (under del av sak 84/2016)

Møtet starta kl. 9.10.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### 84/2016      **Tilsetjing av direktør**

Saksdokument: Utvida søkjarliste, utsend 19.10.2016

Ann-Kristin Hedman Nyrønning gjorde utførleg greie for arbeidet med å vurdere søkjarane til stillinga som direktør i tilsynssekretariatet og innstillinga frå Backer Skeie AS og tilsetjingsutvalet, som har vore samansett av Sandal, Andreassen og Hovdenak.

Det blei lagt særleg vekt på følgjande moment:

- Kvalifikasjonskrav
- Utveljing av kandidatar
- Første intervjurunde
- Testar av intervjuobjekta
- Djupneintervju
- Andre intervjurunde
- Referansar
- Innstilling

Representantskapets medlemmer stilte ein del spørsmål om arbeidet som var gjort, og svar blei gitt av Nyrønning og medlemmene av tilsetjingsutvalet.

Representantskapet drøfta saka.

Den innstilte kandidaten, Jan Frode Jakobsen, deltok så i møtet. Han presenterte seg sjølv og gjorde greie for sin kompetanse og sine erfaringar i arbeidslivet. Jakobsen peikte òg på viktige arbeidsfelt om han blei tilsett som direktør i tilsynssekretariatet.

Det blei stilt ein del spørsmål til kandidaten som han svarte på.

Etter at Jakobsen hadde forlate møtet, hadde representantskapet ei vidare drøfting av saka.

Vedtak:

**Jan Frode Jakobsen blir tilsett som direktør i tilsynssekretariatet for Noregs Banks representantskap.**

**Leiaren i representantskapet får fullmakt til å inngå tilsetjingsavtale med og fastsetje løn for den nye direktøren.**

85/2016      **Eventuelt**

Det var inga sak til behandling under dette punktet.

Møtet var slutt kl. 11.45.

